

Saksprotokoll

Organ: Formannskapet

Møtedato: 28.04.2021

Arkivsaksnr.: 21/2455-3

Saksnr.: 37/21

Saksprotokoll - Ev. etablering av frivilligsentral i Balestrand

Handsaming:

Frå komité for samfunnsutvikling låg det føre slik tilråding til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Rådmannen skal utgreie nærare planlegging av frivilligsentral i samarbeid med frivillig sektor.
2. Vedtak om frivilligsentral i Balestrand må gjerast som del av budsjetthandsaminga for 2022, det bør setjast av naudsynte midlar for oppstart i 2021 i henhold til prioritering i frivilligpolitisk plattform.

Endringsframlegg:

Formannskapet fremja rådmannen si tilråding, med tillegg i punkt 2:

1. Eventuelt vedtak om frivilligsentral i Balestrand må gjerast som del av budsjetthandsaminga for 2022.
2. Rådmannen skal utgreie nærare planlegging av frivilligsentral i samarbeid med frivillig sektor, inkludert vurdere korleis raskare oppstart kan skje med kun kommunal støtte.

Avrøysting:

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå komité frå samfunnsutvikling kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Eventuelt vedtak om frivilligsentral i Balestrand må gjerast som del av budsjetthandsaminga for 2022.
2. Rådmannen skal utgreie nærare planlegging av frivilligsentral i samarbeid med frivillig sektor, inkludert vurdere korleis raskare oppstart kan skje med kun kommunal støtte.



Sogndal
kommune